

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 27.9.2021 kl. 09:00
Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

SAKLISTE

14/2021 Godkjenning av møtebok
15/2021 Skriv og meldingar – saker til oppfølging
16/2021 Framlegg til budsjett for kontrollutval og revisjon 2022

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 20.9.2021

Njål Kaardal Golf
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 14/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.9.2021	Sak nr 14/2021
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 14.6.2021 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	14.6.2021		Møtebok frå møtet 14.6.2021

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Møtebok

Møtedato: 14.6.2021

Møtetid: 09.00 – 12.00

Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

Saksnr.: 11/21 – 13/21

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Egil Natvik Vestrheim	AP	Halvard Lunden	Ap

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	Rådmann Gunn Lerøy, deltok under handsaminga av sak 12 og 13 Rådgjevar plan og bygg Arnt Otto Øygarden deltok under del av sak 12 Ordførar Audun Mo
Frå revisjonen møtte:	
Utdelt i møte:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
11/2021	Godkjenning av møtebok		O
12/2021	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
13/2021	Tertialrapport 1 – 2021		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 11/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	14.6.2021	11/2021

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 12.4.2021 vert godkjent.

14.6.2021 KONTROLLUTVALET

KON-11/21 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 12.4.2021 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 12/2021 Skriv og meldingar – orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.6.2021	Saknr 12/2021
---	------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	Ikkje datert	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 72 i formannskapet – Omstillingsprosjektet. Statusrapport og vegen vidare
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Statusrapport omstillingsprosjektet
3	Ikkje datert	Telemarksforsking	KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2020 (foreløpige tall per 15. mars 2021)
4	29.04.21	Lærdal kommune	Protokoll og saksframlegg for sak 24/21 i kommunestyret – forvaltningsrevisjonsrapport om heimetenestene i Lærdal
5	3.6.21	Lærdal kommune	Protokoll og saksframlegg for sak 25/21 i utval for miljø og samfunnsutvikling – Organisering av tilsyn for byggjesak og ulovlegheitsoppfølging – vedtak av strategi
6	26.5.21	Okken Kraft Holding AS	Okken Kraft Holding AS – konsernrekneskap (utdrag)
7	26.5.21	Okken Kraft Holding AS	Okken Kraft Holding AS - årsberetning
8	Juni 21	Lærdal kommune	Sakspapir til sak 12 i administrasjonsutvalet – fråvær i Lærdal kommune
9	06.05.21	Statsforvaltaren i Vestland	Vedtak i klagesak om overtredelsesgebyr

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

14.6.2021 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møte

Orienteringar i møtet:

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Kva rutinar kommunen har for datasikkerheit og korleis Lærdal kommune sikrar at ein ikkje kan kome i same situasjon som Østre Toten kommune der datainnbrot har medført store driftsproblem og store økonomiske konsekvensar. Kontrollutvalet ønskte og å bli orientert om kva planar kommunen har i forhold til samarbeid med andre kommunar på IKT-området, sett i lys av at Aurland kommune har sagt opp den avtalen som Aurland, Lærdal og Årdal i dag har på IKT-området.

Rådmannen hadde ein presentasjon av tiltaka på IKT-sikkerheit i kommunen. Ein av dei sentrale tiltaka er at ein har back-up på tre ulike lokasjonar. Dette for å sikre at ein kan rette opp att systema dersom ein får ei uønska hending der ein tapar data. Vidare har ein oppdatert brannmurar og innført meir sjekk av logging på nettverk og trafikk i datasenter. For heimekontorløysingar er det 2-nivå pålogging. Ein har og beredskapsavtale med ekstern leverandør som sikrar at ein kan kjøre opp att serveren og systema hos denne leverandøren dersom alt skulle gå gale i kommunen sitt datasenter. Det skal ta om lag 1,5 time å vere på «nett» att.

Når det gjeld framtidig organisering av samarbeid opplyste rådmannen om at kommunen har varsla oppseiing av avtalen med Aurland kommune om økonomitenester som følgje av at Aurland har sagt opp avtalen om IKT-samarbeidet. I første omgang vil konsekvensen av at Aurland går ut av IKT-samarbeidet verte høgare kostnader for Årdal og Lærdal. Det er førebels usikkert kva meirkostnaden vert. Det vert no sett ned ei prosjektgruppe som får i oppdrag å utgreia korleis ein skal organisere IKT-samarbeidet vidare. Det er i utgangspunktet tre alternativ. Ein kan få til ein ny tale med Aurland. Ein kan ta alt ansvaret inn i eigen kommune. Eller ein kan jobbe mot å få til eit samarbeid med Årdal/Sogndal. Per no er ein i oppstartsfasen av eit samarbeidsprosjekt med Sogndal og Årdal. Kommunestyret vil få førelagt ei saksutgreiing med tilråding om vegen vidare innan kommunestyremøtet i oktober.

2. Ei orientering om status på utbygginga i Håbakken. Kontrollutvalet ønskjer å bli orientert om status både i høve til framdrift og i høve til budsjett

Rådgevar Arnt Otto Øygarden orienterte om saka. Han er no ansvarleg for prosjekta Håbakken 1, Håbakken 2 og prosjekt kring tilpassing til E16.

Prosjektet Håbakken 1 har i år ei budsjetttramme på 15 mill. Per i dag er det brukt om lag 10 mill. kr på Håbakken 1. Ein er so og seie ferdig med oppfyllinga av tomta. Det er gjort ein del ekstraarbeid for å tilpasse tomta til Lærdal Grønt. Ein har fått gratis masse frå Statens Vegvesen. Øygarden meiner ein ligg bra an i høve til framdrift og økonomi i høve til budsjett.

Øygarden opplyste om at det står att ein del arbeid i høve til avtalen med Slinde Transport. Dette gjeld m.a. stenging av eksisterande tilkomst og ny tilkomst. Dette er ikkje budsjettert og ein vil måtte kome tilbake til kommunestyret med denne saka.

Håbakken 2 er ikkje starta opp. Det er utarbeidd ein reguleringsplan, men det er ikkje godkjent detaljplan. Her vil ein få masse av statens vegvesen gratis (om lag 15 000 kubikk)

Når det gjeldt prosjektet Håbakken 1 låg det ikkje føre ein prosjekteringsplan når Øygarden overtok ansvaret for prosjektet. Prosjektet har diverre vore prega av for lite dokumentasjon frå starten av. Det har vore eit stort prosjekt for plan og forvaltning å handtere. Det har og vore meirarbeid no som følgje av at ein har måtte slette hefte på tomtar som er kjøpt tidlegare, utan at hefta då vart sletta. Prosjektet har elles vore prega av at det har vore mange ulike personar inne i biletet opp gjennom. Det har vore vanskeleg å følgje opp for dei som har kome inn i seinare tid. Ein har og opplevd eit stort press på å bli fort ferdige. Frå administrasjonen si side meiner ein det positive no er at ein er på rett spor. Ein er opptekne av at ein held seg til budsjetttrammene.

3. Oppfølging av læringspunkta i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til offentlege innkjøp. Spesielt med fokus på innkjøpsregelverket og kva som er gjort for å sikre kompetanse kring dette og klare ansvarsforhold i høve til å sikre at kommunen overheld regelverket

Rådmann Gunn Lerøy informerte om at ein på teknisk har jobba godt i høve til struktur/dokumentasjon. Ein har fått styrka seg mykje i høve til skriftlegheit og rutinar. Når det gjeld oppfølging i forhold til det nye økonomi og innkjøpsreglementet har planen vore å gjennomføre eit dagskurs i økonomistyring og innkjøp for einingsleiarane og andre nøkkelpersonar. Ein har ikkje klart å gjennomføre dette endå. Planen er no å få gjennomført dette for alle leiarar innan utgangen av september. Rådmannen opplyste om at det er ho som er hovudansvarleg i kommunen for oppfølging av regelverket knytt til offentlege innkjøp.

4. Oversikt over vedtaka i kommunestyret i 2020 og i kva grad dei er gjennomført.

Rådmannen gav ei kort orientering. Ho har gått gjennom alle vedtaka i 2020. Det er i hovudsak tre vedtak som ikkje er følgt opp slik som skissert i vedtaka. Dette gjeld flytting av ungdomsklubben Kosen, flytting av biblioteket og sal av gamleskulen.

5. Oversikt over kva rutinar kommunen har for å sikre at ikkje offentleg informasjon vert lagt ut offentleg på postlista.

Rådmannen orienterte på overordna nivå om rutinane. Det er ei eiga skriftleg rutine. Postjournalen blir produsert dagleg. Sakshandsamar er ansvarleg for å sikre at det ikkje blir offentleggjort ting som ikkje er offentlege. Det er ein kontroll i rutina knytt til at arkivleiar skal sjå over dei vurderingane som sakshandsamar har gjort. I følge rådmannen er rutinane innanfor i forhold til slik som det skal vera.

Rådmannen orienterte om ei sak der tilskotsbrev frå landbruksdirektoratet hadde vore lagt ut offentleg, og kommunen hadde fått ei klage på dette. Desse tilskota er offentlege, jamfør at landbruksdirektoratet ikkje har merka desse som ikkje offentleg. Men i desse tilskotsbrev sto det og informasjon om andre forhold som t.d. motrekning av tilskot mot ubetalt skatt eller mva. Etter ei ny vurdering kom kommunen til at desse opplysningane ikkje var offentlege. Her er det ulik praktisering i andre kommunar. Det er sendt ut skriv frå kommunen til 4 tilskotsmottakarar og opplyst om at slike opplysningane har vore lagt ut offentleg og med ei orsaking til desse tilskotsmottakarane.

KON-12/21 VEDTAK:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande

Kontrollutvalet meiner det er viktig med ein fullstendig gjennomgang av Håbakken-prosjektet for å sjå kva ein kan læra av dette. Kontrollutvalet ber administrasjonen lage til eit mandat/opplegg for ei intern sluttevaluering av Håbakken-prosjektet frå start til slutt. Eit slikt mandat kan leggest fram for kontrollutvalet til godkjenning i neste møte.

Kontrollutvalet ønskjer å få ein statusrapport knytt til gjennomføringa av prosjektet «Hald Lærdal rein» som vart starta opp for nokre år sidan. Kor mange saker vart starta opp, kor mange saker er følgt opp, og kva er avslutta.

Kontrollutvalet viser til orienteringssak til formannskapet 10.6. vedkomande masseuttak Mo og Muggeteigen. Kontrollutvalet ynskjer til neste møte å bli orientert om status i saka.

Kontrollutvalet vil bli orientert når det er gjennomført internopplæring knytt til økonomi- og innkjøpsreglementet. Kontrollutvalet ser det som viktig at dette blir prioritert.

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 13/2021 Tertiårrapport 1 - 2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	14.6.2021	13/2021

Framlegg frå sekretariatet:

Tertiårrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

14.6.2021 KONTROLLUTVALET

KON- 13/21 VEDTAK:

Tertiårrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 15/2021 Skriv og meldingar - orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.9.2021	Sak nr 15/2021
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

VEDLEGG

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	Ikkje datert	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 80 i formannskapet – Status omstillingsprosjektet – samt presentasjon
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 83 i formannskapet – Økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025
3	16.08.21	Lærdal kommune	Vedlegg til sak 16 i administrasjonsutvalet den 24.08.2021 – Informasjon til administrasjonsutvalet om sjukefråvær
4	3.09.21	KPMG	Egenvurdering av uavhengighet
5	Ikkje datert	Forum for kontroll og tilsyn	Invitasjon til kurs: kontrollutvalgslederskolen
6	September 2021	KPMG	Plan for revisjon 2021 – samt vurdering knytt til forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga
7		Lærdal kommune	Tertialrapport for 2. tertial

Vedlegg nr 7 er ikkje klare på tidspunktet for utsending av sakspapira. Desse to vedlegga vert ettersendt så snart dei ligg føre.

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på neste møte

Orienteringar i møtet:

Kontrollutvalet har bedt om orientering om frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Kontrollutvalet ønskjer å få ein statusrapport knytt til gjennomføringa av prosjektet «Hald Lærdal rein» som vart starta opp for nokre år sidan. Kor mange saker vart starta opp, kor mange saker er følgt opp, og kva er avslutta.
2. Kontrollutvalet viser til orienteringssak til formannskapet 10.6. vedkomande masseuttak Mo og Muggeteigen. Kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om status i saka.
3. Kontrollutvalet vil bli orientert om status for gjennomført internopplæring knytt til økonomi- og innkjøpsreglementet.

Vidare vil rådmannen orientere om tertialrapporten for 2. tertial.

Revisor Rune Mydland frå KPMG vil delta i møtet via videokonferanse og vil presentere revisjonsplanen.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/21	Formannskapet	24.08.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/1098 - 10
---------------------------	--------	---------------------------

Status omstillingsprosjektet

Kort samandrag:

Bakgrunn for saka er at formannskapet er styringsgruppe for omstillingsprosjektet. I førre møte vedtok formannskapet ein statusrapport.

Rådmann legg fram ein presentasjon for formannskapet i møtet den 24. august som utgangspunkt for dialog, drøfting og tilbakemelding om vegen vidare.

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram som utgangspunkt for drøfting.

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Rådmannen legg fram ein presentasjon i møte som syner status for arbeidet med omstillingsprosjektet. Presentasjonen er tenkt som eit utgangspunkt for drøfting og tilbakemelding frå formannskapet som er valgt som styringsgruppe for prosjektet.

Etter vedteken milesteinplan skal formannskapet handsame endeleg framlegg til strategidokument i neste møte den 30. september, og drøftinga i dette møte (24. august) skal

vere retningsgjevande for vegen vidare.

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

Styringsgruppa si rolle er mellom anna å utøve prosjekteigarskap, stille relevante spørsmål knytt til prioriteringar, gje signal om vegen vidare, støtte prosjektleiar og elles medverke til å legge til rette for at prosjektet kan gjennomførast etter vedteken framdriftsplan.




Lærdaal kommune

Grøne Lærdaal

Presentasjon for formannskapet (styringsgruppa)

24. August 2021


1



Lærdaal kommune

Grøne Lærdaal

Milesteinplan



Milestein 1: Formannskapsmøte i august og september

Framlegg til strategisk analyse som grunnlag for nedsetting av arbeidsgruppe og prioritering av teneste/tema.

Milestein 2: Kommunestyret oktober

Framlegg til strategidokument. Skal handsamast i formannskapet som innstiller før kommunestyret gjer vedtak

Milestein 3: Formannskapet i okt og nov. Kommunestyret i desember

Handlingsplanar som skal implementerast i budsjett og økonomi- og handlingsplan.
Omstillingsprosjektet og vegen vidare i økonomiplanperioden 2022-2025

2

13

Status og oppsummering av viktige «funn» som er utfordringar

- Å få balanse i økonomien (over tid)
- Arbeidsgjevrolla
 - Stabilitet leiling og organisasjon
 - Sjukefråver og arbeidsmiljø
 - Rekruttering
- Kvalitet i tenesteyting, størst utfordring i dei oppvekstbaserte tenestene
- Demografi/folketals utvikling og korleis me skal omstille oss til eit lokalsamfunn med langt fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder

3

Følgjande delprosjekt som peikar seg ut

- KOSTRA/GSI – kvalitetssikring og bruk av styringsdata i økonomistyring/økonomiplanlegging
- Kommunebarometeret:
 - Gå gjennom for Kommunebarometeret dei siste tre åra (2018, 2019 og 2020), og gjere seg kjende med nøkkeltala som inngår i dei årlege målingane.
 - Kome med innspel til spesifiserte og realistiske mål som er målbare, og få fram kva som krevst av tiltak for å nå desse måla.
 - Konsekvensutgreie tiltaka og få fram kva som krevst av endra ressursbruk for å nå måla.
 - Planlegge og gjennomføre opplæring og informasjon til leiarar, tillitsvalde og aktuelle medarbeidarar
- Tett på prosjektet
 - Tidleg innsats og førebygging, fokus på gode oppvekstvilkår
- Leve helle livet – reforma
 - «Spissa» satsinga
 - Dei «gode liv» for eldre og omsorgstrengande
 - Berekraftige helse- og omsorgstenester
- Utvikle kommunen sin arbeidsgjevarstrategi
 - Prosess styrt
- Prosjektleiling/styring
 - PLP-metoden
 - Opplæring/kompetanseheving
 - Prosjekthandbok for Lærdal kommune

4



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
083/21	Formannskapet	24.08.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 21/686 - 4
---------------------------	--------	-------------------------

Økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025

Kort samandrag:

Saka gjeld framlegg til førebelse rammevilkår på dei disponible midlane i økonomi- og handlingsplan 2022-2025, samt budsjett 2022. Grunnlaget for framlegg til rammevilkår er statsbudsjett 2021, revidert statsbudsjett 2021 og kommuneproposisjonen 2022.

Rådmannen si tilråding:

1. Vedlagte framlegg til rammevilkår for økonomiplanperioden 2022-2025 vert teken til vitande.

2. Lærdal kommune legg til grunn følgjande i det vidare arbeidet med økonomiplanen:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter skal vere > 1,75 %
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter < 75 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter > 5 %

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Kommunlova

Økonomi- og innkjøpsreglement

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka er at rådmannen har utarbeida framlegg til ei førebels ramme for økonomiplanperioden 2022-2025. År 1 i økonomiplanperioden utgjer årsbudsjettet for 2022.

I vurderingane er det lagt til grunn KS sin prognosemodell med oppjusterte tal per 02.juli 2021, tal frå rekneskapen 2020 og revidert budsjett 2021. Rammevilkår og prognosar vil endra seg framover, og særleg i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2022 som kjem 13. oktober. Derfor vert grunnlaget i denne saka omtala som førebels, og talgrunnlaget vil endra seg i forhold til arbeidet framover, og endringar i rammevilkåra.

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet i kommunen der alle viktige mål og oppgåver i kommunen er synleggjort. Økonomiplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og skal syne korleis kommunen nyttar sine ressursar for å nå vedtekne mål. Framlegget som vert lagt fram til formannskap no skal gje avklaringar i det vidare arbeidet med økonomiplan og budsjett. Framlegg til rammevilkåra i økonomiplan og budsjett gjev grunnlag for rammefordeling til drift, dvs. fordeling til kvar einiskild tenesteeining.

Sentrale moment i kommuneproposisjonen for 2022:

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,6 mrd. og 2,0 mrd. frå 2021 til 2022. Veksten er inkl påreknna meirskatt i revidert nasjonalbudsjett.

Mellombelse tiltak, som koronatiltak, vil ikkje inngå i grunnlaget for veksten i 2022. Her er det rimeleg å forvente at kompensasjonar for eventuelle meirutgifter, vil kome som ekstrautbetaling til kommunane.

Påreknna inntektsvekst er ein realauke, priskompensasjon frå 2021 til 2022 kjem difor som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som vert nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene. Veksten i dei frie inntektene må blant anna finansiere auka demografikostnader. Den delen av veksten i kommunesektoren sine demografikostnader som må bli finansierte av dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 936 mill. Denne veksten kan

bli fordelt med kr 566 mill. på kommunane og kr 370 mill. på fylkeskommunane. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.

Det kommunale skatteøyret for 2022 vil bli fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022. Det blir lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Pensjonskostnader

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere veksten i pensjonskostnadene. Det er rekna ein vekst i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader på om lag kr 600 mill. i 2022, ut over pårekna lønsvekst. Det er stor uvisse knytt til dette overslaget. Me kan omtrentleg fordele denne veksten i pensjonskostnadene med 90 prosent på kommunane og 10 prosent på fylkeskommunane. Endra reguleringsmetode for pensjonar under utbetaling i 2021 gir auka pensjonspremiar for kommunesektoren i 2021. Dette vil bidra til ein vekst i dei samla pensjonskostnadene for 2022. Det er teke omsyn til denne verknaden i dei pårekna meirkostnadene til pensjon i 2022, som er samla kr 0,6 mrd. for kommunesektoren.

Reduksjon i kravet til premiereserve pensjon gjer at det for 2021 er frigjort om lag kr 20 mrd. Det samla beløpet blir overført til kommunane og fylkeskommunane sine premiefond. Kommunane kan nytte desse midlane til delbetaling av dei årlege pensjonspremiene. Bruk av premiefond til å betale premie vil føre til at kommunane sine utbetalningar av pensjonspremie til pensjonsordning blir redusert tilsvarende. Bruk av premiefond vil bidra til at kommunane sine samla pensjonskostnader det neste året blir reduserte. Kommunane står i utgangspunktet fritt til å avgjere kor lang tidsperiode dei frigjorde midlane skal nyttast til å betale premiane. Basert på ei ansvarleg økonomiforvaltning, bør kommunane fordele bruken av midlane over tid med sikte på ei jamn utvikling i pensjonskostnadene. Departementet har i overslaget for dei samla pensjonskostnadene for 2022 lagt til grunn at kommunane fordeler bruken av dei frigjorde midlane over ein periode på sju år. Det vil seie at kommunane nyttar 1/7 av midlane til å dekke pensjonspremiene i 2021. Departementet legg 3 opp til at det også i overslaget for pensjonskostnader i 2023 og for dei neste åra fordeler bruken av midlane over sju år. Statsforvaltaren rår kommunane til å fordele bruken av dei frigjorde midlane i samsvar med det departementet her har lagt til grunn. Departementet kjem attende med oppdatert overslag for pensjonskostnader i statsbudsjettet for 2022.

Barnevernreforma

Den nye barnevernreforma trer i kraft frå årskifte. Reforma inneheld både kvalitetstiltak og

endringar i ansvarsdelinga mellom stat (Bufetat) og kommunane. Tiltak for å styrke den kommunale styringa av barnevernet er ein del av reforma. Kommunane vil som ein del av reforma få auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane vil også få eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar. Kommunane skal bli kompenserte for auka ansvar gjennom auke i dei frie inntektene.

Den statlege refusjonsordninga for forsterking av kommunale fosterheimar blir avvikla. Kommunane får med dette eit auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar. Dei midlane som Bufetat nyttar på dette no, vil bli overførde til kommunane gjennom rammetilskotet. Det er rekna ut at kommunane på sikt må betale om lag kr 1,7 mrd. meir per år i eigendelar for statlege tiltak samanlikna med 2020. I tillegg vil Bufetat sine utgifter på om lag kr 400 mill. til hjelpetiltak, refusjonsordninga for fosterheimar og rettleiing av fosterheimar bli overførde til kommunane. Det samla økonomiske opplegget for reforma vil difor utgjere om lag kr 2,1 mrd. per år, som kommunane må bli kompensert for gjennom auke i rammetilskotet. Kompensasjonen i 2022 vil vere noko lågare. Departementet legg opp til å overføre om lag kr 1,6 mrd. til kommunane i 2022. Det skuldast at kommunane skal betale noverande eigendelar for fosterheimsplasseringar som er inngått før 1. januar 2022.

Kommunane vil i 2022 også betale inn eigendelar på noverande nivå for plasseringar gjort i siste del av 2021. Det endelege nivået på kompensasjonen blir fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022. Kompensasjonen til kommunane over rammetilskotet vil bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern. Kompensasjonen vil difor kunne avvike noko frå dei noverande faktiske utgiftene for den einskilde kommunen. For å dempe overgangen for kommunar som no har høge utgifter, vil halvparten av kompensasjonen bli fordelt særskilt i 2022 og 2023. Denne særskilde fordelinga vil vere basert på faktisk bruk av tiltak i rekneskapsåret 2020.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir vidareført på same nominell nivå frå 2021 til 2022, det vil seie med kr 850 mill. Ramma er over tid blitt redusert år for år. Som følgje av uvisse knytt til konsekvensane av koronapandemien, er det ikkje framlegg om reduksjon i den samla basisramma til kommunane i 2022. Det kan for 2022 bli endring i fordelinga av ramma mellom statsforvaltarane.

Økonomiske konsekvensar

Førebels vurdering av sentrale moment i økonomi- og handlingsplan 2022-2025 og budsjett 2022 for Lærdal kommune:

Inntektssystemet

Det er ikkje framlegg om vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2021 til 2022 for kommunane. KS sin prognosemodell pr. 2. juli 2021 inkluderar desse elementa i revidert statsbudsjett og kommuneproposisjonen for 2022.

Folketalsprognose:

Lærdal kommune hadde 2.129 innbyggerar 1. januar 2021. SSB befolkningsframskriving (MMMM) syner eit estimert folketal for Lærdal kommune på 2.103 innbyggerar pr 1. januar 2022. I økonomiplanen vert det lagt til grunn ein befolkning i Lærdal som er uendra pr 1. januar 2022. Dette vert gjeldande for utrekning av skatt og rammetilskot i planperioden, då kommunale planar og strategiar har ei målsetting om å oppretthalda og auke folketalet i perioden.

Folketalsframskrivinga til SSB syner eit folketal på 2.090 innbyggerar per 1. januar 2025, og gjev indikasjon på kommunen sine utfordringar framover i planperioden. I perioden frå 2024 vil tal eldre over 80 år auka gradvis kvart år, og det vil bli meir enn dobbelt så mange i 2040 som i dag.

Skatt på inntekt og formue

Grunnlaget for skatt på inntekt og formue er ei flat utvikling i planperioden (2022-2025) med utgangspunkt i ein skattevekst på -0,3% i 2022.

Dette gjev kommunen ein andel skatt og inntektsutjevning i forhold til resten av landet som er på same nivå som kommunen har hatt tidlegare år.

Eigedomsskatt:

Skatt på eigedom er justert for endringane i verk og bruk, og kompensasjonsordninga som er innført som overgangsordning.

Når det gjeld vedtak om reduksjon av maksimal promillegrense frå 7 til 4 på bustad og fritidseigedom, vil ikkje dette ha konsekvensar for Lærdal kommune all den tid kommunen ikkje har vedteke innføring av eigedomsskatt for denne kategorien. Her har kommunen eit

lokalt handlingsrom til auke inntektene.

Investeringar og gjeld:

Dette er eit grunnlag som vil endra seg i løpet av arbeidet framover, basert på bl.a. endringar i investeringar i 2021 og vidare prioritering av prosjekt. I samband med 2. tertialrapport vil ein ha betre oversikt over status på framdrift av pågåande og vedtekne investeringar, og på bakgrunn av dette ha eit godt grunnlag for arbeidet med å prioritere investeringsprosjekt i komande økonomiplanperiode.

Løns- og prisvekst:

Lønsveksten for 2022 er ikkje kjent. I det førebelse framlegget legg me til grunn eit nivå på linje med årets lønsoppgjer som indikerar ein lønsvekst på 2,8% (revidert statsbudsjett 2,7%). Revidert statsbudsjett for 2021 har rekna ut den kommunale kostnadsdeflatoren til å bli omlag 2,7%, med ein nedgang i prisvekst på varer og tenester og auke i lønn. Det er stor usikkeheit knytt til desse tala, endelege tal vert lagt fram i statsbudsjettet for 2022 i oktober. Det er ikkje teke høgde for auke i pensjonskostnad som er omtala i kommuneopplegget for 2022.

Utbytte og konsesjonskraftinntekter

Det er er i økonomiplanperioden lagt til grunn utbetaling av utbytte som ligg 1, 5 mill over fjoråret (2020) i heile økonomiplanperioden, og konsesjonskraftinntekter er sett opp på grunnlag av kr. 10,356 mill i 2022, med ein liten auke på i underkant av 2 mill utover i planperioden. Konsesjonskraftinntektene for inneverande år (2021) er budsjettert med 11,139 mill. Erfaringar tilseier at desse inntektene svingar, men kommunen bør ut frå eit forsiktigheitsprinsipp vere varsam med legge til grunn for optimistiske prognosar her.

Vurdering

Sentrale faktorar som er usikre og som vil ha konsekvensar for kommunen sine disponible midlar i arbeidet framover er:

- Utvikling i inntekter frå eigedomsskatten
- Konsesjonskraftinntektene
- Demografisk utvikling, dvs barnetal og alderssamansetting i befolkninga
- Utvikling i pensjonskostnadane
- Kostnadseffekt av ny barnevernslov

Renteutvikling

I den økonomiske oversikta under er det førebelse talgrunnlaget slik det framgår av denne saka, innarbeida. Oversikten er teken med som ein referanse, den er ikkje fullt oppdatert.

	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1 Rammetilskudd	79 014 133	73 462 000	75 121 000	75 112 000	75 104 000	75 094 000
2 inntekts- og formueskatt	57 504 985	76 845 000	77 666 000	77 666 000	77 666 000	77 666 000
3 Eiendomsskatt	18 957 937	20 000 000	18 200 000	16 900 000	16 900 000	16 900 000
4 Andre generelle driftsinntekter	28 524 448	12 020 000	10 066 000	9 098 000	8 394 000	8 394 000
5 Sum generelle driftsinntekter	184 001 503	182 327 000	181 053 000	178 776 000	178 064 000	178 054 000
6 Sum bevilgninger drift, netto	158 946 701	173 842 600	170 232 138	166 790 638	162 403 238	162 403 238
7 Avskrivninger	15 449 842	15 449 000	15 449 000	15 449 000	15 449 000	15 449 000
8 Sum netto driftsutgifter	174 396 543	189 291 600	185 681 138	182 239 638	177 852 238	177 852 238
9 Brutto driftsresultat	9 604 960	- 6 964 600	- 4 628 138	- 3 463 638	211 762	201 762
10 Renteinntekter	985 872	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000
11 Utbytter	6 572 500	1 600 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
13 Renteutgifter	- 5 241 807	- 4 500 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
14 Avdrag på lån	- 12 940 678	- 13 000 000	- 13 000 000	- 13 000 000	- 13 000 000	- 13 000 000
15 Netto finansutgifter	- 10 624 113	- 15 350 000	- 9 450 000	- 9 450 000	- 9 450 000	- 9 450 000
